



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		5171/2014/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	24.01.2014

Vestnes kommune - Sesselva kraftverk - fråsegn ved avgrensa høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til at det er registrert automatisk freda kulturminne i nokon av dei to traséane, men vurderer det justerte alternativet som eit langt mindre skjemmande sår i seterlandskapet.

Begge traséane har likevel potensial for funn av hittil ukjente automatisk freda kulturminne. Dette gjeld særleg knytt til setring og anna utmarksbruk. Vi vil difor stille krav om arkeologisk registrering, jf. Kulturminnelova § 9, før ei eventuell detaljplanlegging. Jamfør § 10, same lov, er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved registreringa. Vi reknar at registreringa let seg gjennomføre innanfor rammene av maksimalt eit vekeverk feltarbeid, noko som gjev ei økonomisk ramme på 30 000,-. Dette dekkjer løn og administrasjonsutgifter, samt reise- og opphaldskostnadar etter statlege satsar. I tillegg kjem for- og etterarbeid på tre dagsverk. Denne typen arbeid er friteke frå meirverdiavgift. Det kan i samband med registreringa verte aktuelt å datere eventuelle funn, særleg der ein er i tvil om alder og vernestatus. Det vert difor budsjettert med inntil 3 C14-analysar à kr. 4200,- i tillegg til arbeidet.

Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet utgjer etter dette:

1 vekeverk feltarbeid à 30.000,-	30.000,-
3 dagsverk à 3.000,-	9.000,-
3 14C-prøver à 4.200,-	12.600,-
Sum 51.600,-	

Tinging av feltarbeid må vere skriftleg, og fakturaadresse må gå klart fram. Vi føreset at alle grunneigarar som vert berørt av tiltaket blir varsla før registreringa gjennomførast. Vi ber og om å få tilsendt mest mogleg oppdatert kartmateriale ved eventuell tinging.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kjersti Dahl

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 Vestnes